



Statsforvaltaren I Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 22/5461 - 23/18165

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
06.03.2023

## Vedtak til klagevurdering - gbnr 428/107 dispensasjon for oppføring av bustad Kvalheim nedre

**Tiltak:** dispensasjon frå arealføremål LNF og byggjegrænse mot veg  
**Byggjestad:** Gbnr: 428/107  
**Tiltakshavar:** Margit Johanne Kvalheim  
**Ansvarleg søkjar:** Hammar-Kameratane As

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen sin arealdel i Radøy er definert som LNF-føremål.

### Administrativ handsaming

Saka vart handsama av administrasjonen den 3.03.23, der følgjande vedtak vart fatta:

### VEDTAK

**Det vert gjeve dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område i kommunedelplanen for Radøy for oppføring av einebustad med parkering og utsleppsanlegg på gbnr 428/107 Kvalheim nedre. Vedtaket et hjemlet i plan- og bygningslova § 19-2, jf. §11-6.**

**Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:**

- **Det må søkast om løyve til oppføring av ny bustad, minireinseanlegg, parkering, VA-leidningar etter plan- og bygningslova kapittel 20.**
- **Dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg skal liggje føre.**
- **Utvida bruk av avkjørsle frå fylkesveg skal liggje føre.**

**Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.**

### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område i kommunedelplanen for Radøy for oppføring av einebustad med parkering og utsleppsanlegg på gbnr 428/107 Kvalheim nedre.

Det vert elles vist til søknad mottteken 26.09.22 og supplert 14.10.22.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar Larissa Dahl på e-post [larissa.dahl@alver.kommune.no](mailto:larissa.dahl@alver.kommune.no) eller på telefon 56171423.

## Regelverk

- Du kan klage på vedtaket med grunnlag i forvaltningslova (fvl) §§ 28-36.
- Klage på vedtaket må vere nytta fullt ut før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, jf. fvl § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

Godkjent søknad om dispensasjon for oppføring av bustad - gbnr 428/107 Kvalheim nedre  
D1 - kart  
E1-3 - teikningar  
B1 - søknad om dispensasjon  
Følgjebrev søknad om dispensasjon, Margit Johanne Kvalheim

## Kopi til:

Hammar-Kameratane As	Hella 60	5936	MANGER
Margit Johanne Kvalheim	Kyrkjebøvegen 428	6995	KYRKJEBØ

## Mottakarar:

Statsforvaltaren I Vestland	Njøsavegen 2	6863	Leikanger
Vestland Fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen